

Vedtekter for Vestland musikkraad

Vedtatt av årsmøtet 13. mars 2021

§ 1 VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget for Vestland musikkraad byggjer på at musikk gjev glede og meining, læring og personleg vekst, sosial samkjensle, identitet og mellomkulturell forståing. Denne forståinga er knytt til musikk som kunst og kulturform og gjev grunnlag for sosial samhandling, helse og rehabilitering. For Vestland musikkraad er alle musikkgreiner likeverdige og omfatta av felleskapet si merksemd og omsut.

Hordaland musikkraad vart skipa 28. oktober 1978. Namnet vart endra til Vestland musikkraad etter vedtak på årsmøtet 16.03.2019. Vestland musikkraad er partipolitisk nøytralt.

§ 2 FØREMÅL

Vestland musikkraad er fylkesledd/regionledd av Norsk musikkraad og Musikkens studieforbund. Rådet er eit samarbeidsorgan og ein interesseorganisasjon for musikkørsla i Vestland.

For å oppfylle måla skal Vestland musikkraad:

- Driva musikkpolitisk arbeid i fylket og nasjonalt i samarbeid med Norsk musikkraad, Musikkens studieforbund og medlemsorganisasjonane.
- Leggja til rette, samordna og utvikla opplærings-, studie-og formidlingsarbeid i musikkørsla.
- I samsvar med § 2 i vedtektene til Musikkens studieforbund fremja kompetanse og livslang læring i musikkørsla i fylket.
- Koordinera og ta initiativ til fagleg og organisatorisk arbeid og samarbeid i musikkørsla.
- Ta hand om, til beste for musikkørsla, dei økonomiske verkemidlane som organisasjonen til ei kvar tid disponerer.

§ 3 MEDLEMSKAP

§ 3.1.1

1. Fylkes-/regionledd av musikkorganisasjonar som er medlem i Norsk musikkraad/Musikkens studieforbund er medlem i Vestland musikkraad.
2. Regionale musikkorganisasjonar som sluttar seg til § 1 og § 2 i Vestland musikkraad sine vedtekter, kan bli medlem.
3. For medlemsorganisasjonar i Norsk musikkraad/Musikkens studieforbund der det ikkje er skipa fylkes-/regionledd ser ein på kvar av desse organisasjonane sin samla medlemsmasse i Vestland som eitt medlem av Vestland musikkraad.

For å verta medlem, må følgjande krav vera oppfylte:

- Organisasjonen er open for alle.
- Leiinga av organisasjonen er vald av medlemmane.

§ 3.1.2

Lokale musikk- og kulturråd, offentlege institusjonar, stiftingar og kulturorganisasjonar som også har musikk som arbeidsområde, kan bli medlemmer i Vestland musikkråd dersom dei sluttar seg til § 1 og § 2 Vestland musikkråd sine vedtekter.

§ 3.2

Styret i Vestland musikkråd avgjer søknader om medlemskap med årsmøtet som ankeinstans.

§ 3.3

Inn- og utmelding skal vera skriftleg.

§ 3.4

Organisasjonar som arbeider i strid med Vestland musikkråd sitt verdigrunnlag eller føremål, eller ikkje lenger tilfredsstillar krava til medlemskap, kan fråtakast medlemskapet. Årsmøtet fattar slike vedtak med 2/3 fleirtal.

§ 4 ORGANISASJON

Vestland musikkråd er Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund sitt fylkesledd i Vestland. Vestland musikkråd er ein sjølvstendig organisasjon med ansvar for eige budsjett og eigne tilsette.

For at eit lokalt musikk-/kulturråd skal være eit organisasjonsledd av Vestland musikkråd, og dermed også av Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund, skal styret i Vestland musikkråd godkjenna vedtektene. Medlemskap i lokale musikk-/kulturråd byggjer på prinsippa i Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund sine sentrale vedtekter. Nærare føresegner er fastsett i mønstervedtektene for lokale råd.

§ 5 ÅRSMØTET

Årsmøtet har høgaste mynde i Vestland musikkråd, og skal haldast annakvart år i mars/april.

§ 5.1 Representasjon og rettar

På årsmøtet møter følgjande med fulle rettar:

- Medlemmar med medlemskap etter § 3.1.1 pkt. 1 og 2:
 - Organisasjon med færre enn 500 medlemmer: to representantar.
 - Organisasjon med 500 medlemmer eller fleire: tre representantar.
- Medlemmar med medlemskap etter § 3.1.1 pkt. 3: ein representantar.
- Medlemmar med medlemskap etter §3.1.2: to representantar.

Styret sine medlemmer har ei røyst kvar unnteke under handsaming av rekneskap og årsmelding.

Kvar delegat har ei røyst. Medlemsorganisasjonar kan røysta for det som overstig ein delegat ved bruk av fullmakt.

Følgjande har framlegg- og talerett:

- Styret sine varamedlemmer
- Representantar frå Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund.
- Valkomiteen sine medlemmer.

Følgjande har berre talerett:

- Medlemmer i komitear vald av årsmøtet.
- Personar årsmøtet gjev fullmakt.

Følgjande møter som observatørar:

- Andre representantar frå medlemsorganisasjonane.
- Andre representantar frå lokalledd.
- Gjester inviterte av styret.
- Tilsette.

§ 5.2 Innkalling og sakspapir

Innkalling til ordinært årsmøte skal sendast ut seinast to månader før årsmøtet vert halde.

Framlegg ein ønskjer handsama på årsmøtet, må vera motteke av styret seinast ein måned før årsmøtet. Styret sender ut fullstendig saksliste seinast to veker før årsmøtet.

§ 5.3 Dagsorden for årsmøtet

Årsmøtet skal:

- Godkjenna representantane sine fullmakter.
- Godkjenna innkalling, saksliste og forretningsorden.
- Velja dirigentar, referentar, tre medlemmer til redaksjonskomité og to til å underteikna protokollen.
- Handsama styret si melding om verksemda i toårsperioden.
- Handsama rekneskap, revidert av statsautorisert revisor, for årsmøteperioden sine to rekneskapsår.
- Handsama innkomne saker som er oppførde på sakslista.
- Handsama handlingsplan for komande toårsperiode.
- Handsama budsjett for komande toårsperiode.
- Stå for val av:
 - Leiar – skal veljast særskilt.
 - Seks styremedlemmer.
 - To varamedlemmer til styret.
 - Tre medlemmer og eit varamedlem til valkomite.

Alle val skal vera skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller dersom nokon krev det. Minst fem personar som skal veljast til tillitsverv i Vestland musikkråd må vera medlemmer av ein organisasjon som er medlem av Vestland musikkråd. Tillitsverv elles kan haldast av personar som har kunnskap, posisjonar eller fagleg tyngd som kan vera av særleg interesse for Vestland musikkråd.

Alle val gjeld for to år. Valperioden er frå årsmøte til årsmøte.

§ 5.4 Ekstraordinært årsmøte

Dersom minst 1/3 av dei ordinære medlemmane krev det, skal styret kalla inn til ekstraordinært årsmøte med minst ein måned varsel.

Dersom styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte, må minst fire av styret sine seks medlemmer krevja det. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama dei sakene som er sett opp i innkallinga til møtet.

§ 6 STYRET

§ 6.1 Samansetjing

Styret er sett saman av leiar og seks styremedlemmer valde av årsmøtet. Styret vel sjølv nestleiar.

§ 6.2 Mandat og oppgåver

Styret skal:

- Leia Vestland musikkraad i perioden mellom årsmøta.
- Setja i verk årsmøtet sine vedtak.
- Tilsetja dagleg leiar og ta hand om pliktene som arbeidsgjevar for dei tilsette i Vestland musikkraad.

Styret kan gjera vedtak når minst leiar eller nestleiar og tre av styremedlemmane er til stades. Ved stemmelikheit har leiar (nestleiar ved leiar sitt fråvær) dobbelstemme.

§7 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endringar av vedtektene kan berre finna stad i ordinært årsmøte, eller i ekstraordinært årsmøte dersom sak om vedtektsendring har starta i det ordinære årsmøtet.

Vedtak krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte

§8 OPPLØYSING

Framlegg om oppløysing av Vestland musikkraad må handsamast i ordinært årsmøte. Grunngeve framlegg må vera sendt alle medlemmane, jf. §3, minst fire månader før årsmøtet. Oppløysing krev 3/4 fleirtal i møtet. Oppløysningsmøtet vedtek disposisjon av eventuelle aktiva.